Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 54/16

Sak nr.: 2016/5015

Møte: 18.05.2016

UTLYSINGSTEKST OG STILLINGSOMTALE - INNSTEGSSTILLINGAR VED DET MEDISINSK-ODONTOLOGISKE FAKULTET

Grunnlagsdokument i saka

Forskrift om ansettelse på innstegsvilkår, fastsatt av Kunnskapsdepartementet 24.03.2015:
Retningslinjer for bruk av innstegsstillingar ved Universitetet i Bergen,
Retningslinjer for bruk av innstegsstillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet
Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger,
ved Universitetet i Bergen

Kva saka gjeld

Kunnskapsdepartementet vedtok Forskrift om ansettelse på innstegsvilkår våren 2015. I forskrifta § 1 står at «*Ansettelse på innstegsvilkår har som formål å legge til rette for rekrutteringen av talentfullt faglig personale ved universiteter og høyskoler. Ordningen skal bidra til å styrke institusjonenes muligheter til å konkurrere om de beste kandidatene internasjonalt, og forplikte institusjonene til å medvirke i videreutviklingen av den ansattes kompetanse både innen undervisning, forskning og formidling/innovasjon. Den som ansettes skal gis forutsigbarhet i arbeidet med å kvalifisere seg for fast ansettelse i undervisnings- og forskerstilling gjennom et langvarig ansettelsesforhold, og oppfølging og ressurstilførsel fra institusjonen*».

Styret ved Universitetet i Bergen vedtok overordna retningsliner for bruk av innstegsstillingar i møte 11.2.2016. Fakultetsstyret vedtok retningsliner for bruk av innstegstillingar ved fakultetet i sak 26/16 i møte 16.3.2016. Styret vedtok å lyse ut innstegstillingar som førsteamanuensis.

Fakultetsstyret vert i denne saka bedd om å vedta framlagt utlysingstekst og stillingsomtale for innstegstillingar som førsteamanuensis.

Innstegsstillingar vert dekte innafor fakultetet sitt budsjett for rekrutteringsstillingar.

Forslag til vedtak:

1. Fakultetsstyret vedtek framlagt utlysingstekst og stillingsomtale for innstegsstillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.
2. Dekan får fullmakt til å gjere endringar i samsvar med gjeldande standard for utlysing og stillingsomtale.

3. Fakultetsstyret godkjenner at i utlysinga for våren 2016 kan inntil 2 rekrutteringsstillingar tilsetjast i innstegsstillingar.

Inger Hjeldnes Senneseth
fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
seksjonsleiar rekruttering

06.05.2016 /IVØI

Vedlegg:

Retningslinjer for bruk av innstegsstillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet
Utlysingstekst og stillingsomtale

Retningslinjer for bruk av innstegsstillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtatt i fakultetsstyret 16.03.2016 – sak 26/2016

Heimel:

«*Forskrift om ansettelse på innstegsvilkår*» - fastsett av Kunnskapsdepartementet 24.03.2015 med heimel i lov 1. april 2005 nr 15 om universiteter og høgskoler (universitets- og høgskoleloven) §6-4 første ledd punkt k.

1. Føremål

Tilsetjing på innstegsvilkår ved Det medisinsk-odontologiske fakultet har som føremål å legge til rette for rekruttering av talentfulle kandidatar med profesjonsfagleg bakgrunn i medisin, odontologi, farmasi, klinisk ernæring og helsefag. Fakultetet ynskjer å nytte desse stillingane til å rekruttere personar med slik profesjonsbakgrunn til faste hovudstillingar. Ordninga skal bidra til å rekruttere dei beste kandidatane til professorat i faste hovudstillingar og forplikte både institutt og fakultetet til å vidareutvikle kompetansen til den tilsette innan undervisning, forsking, formidling og innovasjon. Stillingane skal bidra til fagleg styrking og nivåheving ved fakultetet over lang tid. Krava til profesjonsbakgrunn kan likevel unntaksvis fråskrivast dersom det er spesielle behov for oppbygging av nye fagområde. Den som vert tilsett skal få høve til å kvalifisere seg for fast tilsetjing som professor gjennom eit langvarig tilsetjingsforhold (åremål), med god og tett oppfølging frå både fakultetet og instituttet vedkomande vert tilsett ved.

2. Ressursar

Ressursar allokert til innstegsstillingar skal årleg avgjerast av fakultetsstyret i samband med årsbudsjettet. Ressursavsetnad skal sjåast i samanheng med og bør allokerast frå tilgjengelege rekrutteringsstipend for postdoktor/stipendiatar i åremålsperioden. Instituttet som vedkomande vert tilsett ved er pliktig til å allokere ressursar for fast professorat etter åremålsperioden.

I særskilte høve, på fagområde der det er stort behov for ny-rekruttering og ved oppbygging av nye fagområde, kan instituttet allokere ekstraressursar allereie i åremålsperioden. Slik allokering av ressursar på instituttnivå skal fremjast for handsaming i instituttrådet og deretter fremjast for godkjenning hos fakultetsstyret.

3. Tilsettingsprosedyre

Reglane for tilsetting i førsteamanuensis/professorstilling i «*Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger*» vert lagt til grunn ved tilsetting i innstegstillingar med desse tilføyingane:

- For å støtte opp under føremålet med ordninga skal innstegsstillingar lysast ut opent innanfor alle fakultetets fagområde eller med stor fagleg breidde på tvers av fagmiljø. Unntak kan gjerast ved spesielle behov for ny-rekruttering, for å bygge opp nye fagområde eller styrke kritiske fagområde.
- Stillinga må lysast ut breitt nasjonalt og internasjonalt.
- Fakultetstyret vedtek utlysingstekst. Utlysingstekst skal godkjennast i dekanens leiargruppe med instituttleiarane og fremjast av fakultetsdirektør for styret.
- Innstegsstilling ved Det medisinsk-odontologiske fakultet skal normalt lysast ut som førsteamanuensis i 80-100% stilling for ein åremålsperiode på opptil 6-7 år.
- Det skal normalt ikkje ha gått meir enn 5 år sidan den som vert tilsett har avlagt doktorgraden. Søkjar kan få tillegg i tid for permisjon knytt til fødsel eller adopsjon.
- Den som vert tilsett må vidare ha norsk autorisasjon i relevant helseprofesjon. Vedkommande kan ha opptil 40% klinisk stilling. Dersom kandidaten er under klinisk spesialisering, kan det leggjast til rette for 50% klinisk stilling i delar av åremålsperioden, eventuelt inntil eitt års permisjon for å fullføre spesialitet. Total stillingsprosent ved UiB og anna verksemd kan ikkje overstige 120%. Perioden kan totalt ikkje utvidast ut over 7 år.
- Utlysinga må også innehalde nødvendige krav til søkjarane, som føl av punkt 5 nedanfor.
- Fakultetsstyret vedtek oppnemning av sakkunnig nemnd etter forslag frå prodekan for forsking, eller den dekanen delegerer oppgåva til. Samansetnad av sakkunnig nemnd føl retningslinjene for utlysing av stilling som fast tilsett førsteamanuensis i tråd med «Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger» 23.07.2010.
- Sakkunnig nemnd sender skriftleg uttale til prodekan for forsking, eller annan person dekanen måtte ha delegert fullmakta til. Sistnemnde opprettar intern innstillingsutval og innstiller kandidatar for vedtak om tilsetjing i fakultetsstyret.
- Kandidat vert fremja for tilsetting ved fagrelevant institutt.

4. Professorstilling

Ved tilsetting i ein førsteamanuensisstilling får kandidaten høve til å kvalifisere seg for fast tilsetting i ein professorstilling i løpet av åremålsperioden. Den vanlege ordninga med å søkje personleg opprykk etter kompetanse gjeld ikkje for perioden vedkommande er åremålstilsett på innstegsvilkår. Åremålsperioden er seks til sju år.

5. Arbeidsavtalen

5.1 Krav til den som vert tilsett

Arbeidsavtalen, saman med utlysingstekst og stillingsomtale, fastset resultata, krava og kriteriene den tilsette skal oppfylle i løpet av åremålsperioden for å få fast tilsetjing som professor.

I tillegg til krava som følgjer av «*Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger*» skal fylgjande krav vere oppfylte for å få fast tilsetjing:

a) Forsking: Kunne vise til god progresjon i utvikling av eiga forskarkarriere. Evne til sjølvstendig forsking, tverrfagleg samarbeid og forskingsleiing. Dokumentert sampublisering med andre forskarar i høgt rangerte internasjonale tidsskrift. Dokumentere aktiv deltaking og innlegg på nasjonale- og internasjonale forskingskonferansar. Ha rettleia minst ein ph.d.-kandidat fram til fullført doktorgrad. Ha godt omdømme som forskingsrettleiar.

b) Undervisning: Ha delteke i ordinær undervisning, rettleiing og eksamensavvikling. Ha oppnådd tilfredsstillande studentevaluering av eiga undervisning i løpet av åremålsperioden.

c) Formidling: Kunne vise til både profesjonsretta og allmennretta formidling av eiga forsking gjennom artiklar, foredrag, kronikkar og andre virkemiddel.

d) Akademisk leiing: Ha delteke aktivt i instituttets, fakultets og universitetets akademiske utviklingsarbeid. Kunne vise til gode kommunikasjons- og samarbeidsevner og til deltaking i ulike forvaltningsorgan, sakkunnige nemnder, andre organ i sektoren og til samarbeid med andre relevante institusjonar. Kunne vise til oppdrag med fagfellevurdering av forskingspublikasjonar.

e) Internasjonalt samarbeid: Aktiv deltaking i internasjonalt samarbeid, gjennomføring av samarbeidsprosjekt og publikasjonar med internasjonalt medforfattarskap.

f) Evne til å tiltrekkje seg sjølv og forskingsgruppa si ekstern finansiering: Ha oppnådd nasjonal eller internasjonal konkurranseutsett finansiering til eiga forsking. Delteke aktivt i søknader til EU som partnar eller koordinator.

g) Andre særlege vilkår: Arbeidsavtalen vil i tillegg kunne bli tilpassa vilkår som gjeld for verksemda ved det instituttet vedkomande vert tilsett ved.

5.2 Krav til arbeidsgivar

a) Tid til fagleg utvikling inkludert støtte og rettleiing: Institutt og fakultet skal peike ut to faglege mentorar for kandidaten for dei første 4 åra av perioden. Den eine mentoren skal vere kandidaten sin overordna forskingsleiar.

b) Rettleiing og oppfølging: Mentorane skal assistere kandidaten i å utarbeide ein karriereutviklingsplan for å oppnå måla i arbeidsavtalen. Planen skal vere utvikla og levert institutt og fakultet innan 3 månader frå tilsettingsdato. Fram til midtvegsevalueringa skal mentorane gi kandidaten fagleg rettleiing, opplæring og råd for å byggje ei akademisk

karriere. I desse første åra har kandidaten rett på månadlege faglege rettleiingsmøter med mentorane samt to medarbeidarsamtalar per år med overordna forskingsleiar.

I første del av perioden skal instituttet ha eit særleg ansvar for oppfølging og rettleiing. I siste del av perioden, det vil seie etter midtvegsevalueringa, skal kandidaten følgjast opp på same måte som andre fast tilsette førsteamanuensar.

c) Infrastruktur og forskingsgruppe: Instituttet skal legge til rette for at kandidaten får nytte tilgjengelege forskingsressursar på like vilkår med andre vitskapleg tilsette.

d) Søknadsstøtte: Fakultetet skal tilby kandidaten rådgivingsstøtte til søknader om ekstern forskingsfinansiering. Instituttet skal gi støtte til budsjettering av søknader og tilrettelegging for drift av slike prosjekt.

6. Midtvegsevaluering

Fakultetet skal gjennomføre ei formell midtvegsevaluering som skal vere avslutta før kandidaten har vore tilsett i fire år. Evalueringa skal gjennomførast med utgangspunkt i krava i arbeidsavtalen, jf. pkt. 5 ovanfor. Fakultetsstyret skal fastsetje nærmare kriterium for midtvegsevalueringa:

a) Fakultetsstyret v/dekanen fastset sakkunnig nemnd. Minst to av medlemmane må ha bakgrunn innan kandidatens fagområde. Minst eitt medlem skal vere eksternt og helst ha delteke sakkunnig nemnd ved tilsetjing. Begge kjønn skal om mogeleg vere representert. Prodekan for forsking, eller den dekanen gir fullmakt, innstiller for vedtak i fakultetsstyret etter forslag frå institutt.
b) Fakultetsstyret v/dekanen fastset sakkunnig nemnd seinast innan tre år frå tilsetjingsdato. Samstundes fastset fakultetsstyret fristar for innlevering av arbeid, tidspunkt for intervju og frist for levering av rapport frå sakkunnig nemnd. Dette skal straks etter vedtaket kunngjerast for kandidat og institutt.

c) Kandidaten skal skriftleg levere inn dokumentert arbeid som viser progresjon i samsvar med krava i arbeidsavtalen. I tillegg skal kandidaten levere ei skriftleg sjølvevaluering av resultata som er oppnådd så langt i åremålsperioden. Kandidaten skal også rapportere i kva grad fakultet og institutt har innfridd i forhold til tilrettelegging og plikter nedfelt i arbeidsavtalen. Sjølvevalueringa skal vere på maks 5 sider.

d) Instituttet skal til same fristen levere skriftleg rapport over kandidatens oppnådde resultat samt ei evaluering over tilrettelegging og støtte som er gitt kandidaten.

e) Som ledd i evalueringsrapporten (som skal innehalde rapport frå sakkunnig nemnd, sjølvevaluering samt evalueringa frå instituttet) skal kandidat, institutt og fakultet skriftleg få rettleiing på kva som må forbetrast i siste del av åremålsperioden for å oppfylle krava om fast tilsetjing som professor, jf. pkt.7. Fakultetsstyret skal orienterast om utfallet av midtvegsevalueringa.

7. Sluttevaluering

Før utløpet av åremålsperioden skal fakultetet vurdere om krava som vart fastsett i arbeidsavtalen er innfridd. Vurderinga av kandidaten sin forskingskompetanse og forskingspotensial skal gjerast av ei sakkunnig nemnd innanfor kandidaten sitt fagområde og etter fakultetet sine reglar for vurdering av professorkompetanse.

For å få fast tilsetjing som professor ved Institutt for klinisk odontologi (jamfør §2 «Forskrift om om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger» 23.07.2010) etter avslutta åremålsperiode, skal kandidaten gjennom ei sluttevaluering ha oppnådd gjeldande krav til professorkompetanse som godkjent av Det nasjonale dekanmøtet i odontologi og vedteke fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.

For å få fast tilsetjing som professor ved dei andre institutta ved Det medisinsk-odontologiske fakultet (jamfør i §2 «Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger» 23.07.2010) etter avslutta åremålsperiode, skal kandidaten gjennom ei sluttevaluering ha oppnådd gjeldande krav til professorkompetanse som godkjent av Det nasjonale dekanmøtet i medisin og vedteke i fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.

Den sakkunnige nemnda skal ha tre medlemmer, og minst eitt medlem frå ein utanlandsk institusjon. Berre eitt medlem kan vere tilsett ved Universitetet i Bergen. Begge kjønn skal om mogeleg vere representert. Prodekan for forsking, eller den dekanen gir fullmakt, innstiller for vedtak i fakultetsstyret etter forslag frå instituttet.

Innan 12 månader før åremålet tek slutt skal fakultetsstyret ha oppnemnd sakkunnig nemnd og fastsett fristar for innlevering av arbeid frå kandidaten og nemnda. Kandidaten skal ha beskjed om fristar og sakkunnig nemnd så snart dette er vedteke.

Kandidaten skal ha beskjed om utfallet av sluttevalueringa seinast 6 månader før utgangen av åremålet. Kandidaten kan kome med merknader til evalueringa og det kan gis tilleggsfråsegn til dei delane av evalueringa.

8. Rett til fast tilsetting

Prodekan for forsking, eller den dekanen gir fullmakt, set ned innstillingsutval som vurderer kandidaten opp mot tilleggskrava for å oppnå fast tilsetjing, slik desse er nedfelt i arbeidsavtalen. Utvalet innstiller for vedtak om fast tilsetjing/avslag for fakultetsstyret.

Med utgangspunkt i sluttevalueringa avgjer fakultetsstyret om kandidaten skal få fast tilsetjing i stilling som professor.

Er fakultetsstyret i tvil om sluttevalueringa er adekvat og forsvarleg, skal fakultetsstyret foreta det som er nødvendig for å avklare og eventuelt korrigere ei slik usemje, men ikkje sjølv foreta ei evaluering.

Ut over dette skjer sakshandsaming i fakultetsstyret i samsvar med «*Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger*», punkt 6.4.3.

9. Permisjonar og forlenging av tilsetjingsperioden

Permisjonar kandidaten har krav på etter lov eller tariffavtale, skal ikkje reknast med ved utrekning av tilsetjingsperioden. Det skal givast forlenging av tilsetjingsperioden for redusert arbeidstid etter arbeidsmiljølovas §10-2 fjerde ledd på grunn av omsorg for barn og nær familie.

Avgjerd på søknad om permisjonar av andre årsaker og om forlenging av tilsetjingsperioden, skal takast av fakultetsstyret. Andre permisjonar enn dei som er lovfesta kan ikkje samla utgjere meir enn eit år.

10. Retningslinjene trer i kraft frå 1.4.2016

Førsteamanuensis (innstegsstilling) ved Det medisinsk-odontologiske fakultet

Det medisinsk-odontologiske fakultet ønskjer å rekruttere talentfulle personar med profesjonsfagleg bakgrunn i medisin, odontologi, farmasi, klinisk ernæring eller helsefag. Vi lyser difor ut ei åremålsstilling som førsteamanuensis (innstegsstilling) innan fakultetet sine fagfelt. Stillinga vert lyst ut for ein periode på seks år.

Ordninga med tilsetjing i innstegsstilling skal bidra til å rekruttere dei beste kandidatane til professorat i fast hovudstilling. Fakultet og institutt pliktar å leggje til rette for vidareutvikling av kompetansen innan undervisning, forsking, formidling og innovasjon til den som vert tilsett. Stillinga vil verte knytt til det instituttet som er naturleg ut frå den tilsette sitt fagområde.

Den som vert tilsett som førsteamanuensis i innstegsstilling vil i løpet av åremålsperioden få høve til å kvalifisere seg for ei fast professorstilling. Fakultet og institutt vil sikre god oppfølging av den tilsette.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av arbeids- og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga og vidare krav for å få fast tilsetjing som professor ved utløpet av åremålsperioden, finn du lenger ned på sida.

Utfyllande opplysingar om stillinga kan ein få ved å vende seg til prodekan professor Eyvind Rødahl, tlf.: 55 58 6014 eller e-post: Eivind.Rodahl@uib.no

Vilkår for tilsetjing

- Det skal normalt ikkje vere meir enn fem år sidan disputas.
- Den som vert tilsett må ha norsk autorisasjon i relevant helseprofesjon. Vedkomande kan ha opptil 40 % klinisk stilling. Dersom kandidaten er under klinisk spesialisering, kan det leggjast til rette for 50 % klinisk stilling i delar av åremåls-perioden, eventuelt inntil eitt års permisjon for å fullføre spesialiteten. Total stillingsprosent ved Universitetet i Bergen og anna verksemd kan ikkje overstige 120 %.
- Søkjar kan få tillegg i tid for permisjon knytt til fødsel eller adopsjon. Perioden kan totalt ikkje utvidast ut over sju år.

Arbeidsoppgåver/forskingsområde:

- Det medisinsk-odontologiske fakultet har undervisning og forsking innafor eit breitt felt. Søkjar må ha utdanning med profesjonsfagleg bakgrunn i medisin, odontologi, farmasi, klinisk ernæring eller helsefag, og forsking og undervising innan eit av dei relevante fagfelta ved fakultetet.

Kvalifikasjonar:

- Norsk ph.d.-grad innan relevant fagfelt eller tilsvarande kompetanse. Det kan ikkje vere meir enn fem år sidan disputas.
- Norsk autorisasjon i relevant helseprofesjon (medisin, odontologi, farmasi, klinisk ernæring eller helsefag).

Følgjande kvalifikasjonar og eigenskapar vil verte vektlagt:

- God progresjon i utvikling av eiga forsking
- Evne til å arbeide sjølvstendig og strukturert

- Gode samarbeidsevner
- Deltaking i ordinært undervisnings-, rettleiings- og eksamensarbeid
- Pedagogisk basisutdanning. Den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing
- Fagleg og allmennretta formidling av eiga forsking
- Evne til å tiltrekke seg eller forskargruppa ekstern finansiering

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Vi kan tilby:

- Høve til fast tilsetjing som professor etter åremålsperioden dersom kandidaten er kvalifisert
- God oppfølgjing og evaluering av kandidaten i åremålsperioden
- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Løn etter lønssteg 59 - 62 (kode 1011/lønsramme 24, alternativ 3 - 6) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Dette utgjer ei årsløn på kr 501 300 - 529 800 brutto. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn
- Medlemskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Generell informasjon

Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentleg sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad

Søknaden skal innehalde:

- CV
- Vitnemål (inkludert ph.d.-diplom)
- Attestar
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste med vedlegg som dokumenterer pedagogiske kvalifikasjonar
- Liste over vitskaplege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er offentleggjorde
- **vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 10)**

Det er særs viktig at kvart av dei vitskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som vedlegg (pdf) til søknaden.

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i Jobbnorge.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksam på at søknadar vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Ein viser elles til «Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger».

Nærare om tilsettingsprosessen her.

Stillingsomtale

Førsteamanuensis (innstegsstilling) ved Det medisinsk-odontologiske fakultet

Det medisinsk-odontologiske fakultet ønskjer å rekruttere talentfulle personar med profesjonsfagleg bakgrunn i medisin, odontologi, farmasi, klinisk ernæring og helsefag. Vi lyser difor ut ei åremålsstilling som førsteamanuensis (innstegsstilling) innan fakultetet sine fagfelt. Stillinga vert lyst ut for ein periode på seks år.

Krav for å få fast tilsetjing som professor ved utløp av åremålsperioden
Arbeidsavtalen, saman med utlysingstekst og stillingsomtale, fastset resultata, krava og kriteria den tilsette skal oppfylle i løpet av åremålsperioden for å få fast tilsetjing som professor.

I tillegg til krava som følgjer av *Reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger* skal følgjande krav vere oppfylte for å få fast tilsetjing:

a. Forsking: Kunne vise til god framdrift i utvikling av eiga forskarkarriere. Evne til sjølvstendig forsking, tverrfagleg samarbeid og forskingsleiing. Dokumentert sampublisering med andre forskarar i høgt rangerte internasjonale tidsskrift. Dokumentere aktiv deltaking og innlegg på nasjonale- og internasjonale forskingskonferansar. Ha rettleia minst ein ph.d.-kandidat fram til fullført doktorgrad. Ha godt omdøme som forskingsrettleiar.

b. Undervising: Ha delteke i ordinær undervisning, rettleiing og eksamensavvikling. Ha oppnådd tilfredsstillande studentevaluering av eiga undervisning i løpet av åremålsperioden.

c. Formidling: Kunne vise til både profesjonsretta og allmennretta formidling av eiga forsking gjennom artiklar, foredrag, kronikkar og andre verkemiddel.

d. Akademisk leiing: Ha delteke aktivt i det akademiske utviklingsarbeidet på institutt-, fakultet,- og universitetsnivå. Kunne vise til gode kommunikasjons- og samarbeidsevner og til deltaking i ulike forvaltingsorgan, sakkunnige nemnder, andre organ i sektoren og til samarbeid med andre relevante institusjonar. Kunne vise til oppdrag med fagfellevurdering av forskingspublikasjonar.

e. Internasjonalt samarbeid: Aktiv deltaking i internasjonalt samarbeid, gjennomføring av samarbeidsprosjekt og publikasjonar med internasjonalt medforfattarskap.

f. Evne til å tiltrekkje seg sjølv og forskingsgruppa ekstern finansiering. Ha oppnådd nasjonal eller internasjonal konkurranseutsett finansiering til eiga forsking. Delteke aktivt i søknader til EU som partnar eller koordinator.

g. Andre særlege vilkår: Arbeidsavtalen vil i tillegg kunne verte tilpassa vilkår som gjeld for verksemda ved det instituttet vedkomande vert tilsett ved.

Krav til tilsette i innstegsstillingar
I løpet av åremålsperioden skal den tilsette kvalifisere seg til fast professorstilling. Innan fire år av åremålsperioden vil det verte gjennomført ei midtvegsevaluering der den tilsette skal vurderast i høve til progresjon i stillinga ut frå krav om professorkompetanse. Evalueringa

skal gjennomførast med utgangspunkt i arbeidsavtalen, og skal rettleie den tilsette i høve til kva oppgåver som skal prioriterast i resten av åremålsperioden for å oppfylle krava om fast tilsetjing som professor.

Den tilsette skal levere skriftleg dokumentasjon på progresjon i arbeidet samt ei skriftleg sjølvevaluering av oppnådde resultat så langt til midtvegsevalueringa i samsvar med *Retningslinjer for bruk av innstegsstillingar ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.*

Den tilsette vil også få ei sluttevaluering før utløp av åremålsperioden i høve til om krava som var fastsett i arbeidsavtalen er innfridde. Innan 12 månader før åremålet tek slutt skal fakultetsstyret ha oppnemnt ei sakkunnig nemnd og fastsett fristar for innlevering av arbeid frå den tilsette og nemnda. Den tilsette skal ha beskjed om fristar og sakkunnig nemnd så snart dette er vedteke.

Kandidaten skal informerast om utfallet av sluttevalueringa seinast seks månader før utgangen av åremålet. Kandidaten kan kome med merknader til evalueringa og det kan gjevast tilleggsfråsegn til delar av evalueringa.

Med utgangspunkt i sluttevalueringa avgjer fakultetsstyret om kandidaten skal få fast tilsetjing i stilling som professor.

For å få fast tilsetjing som professor ved Institutt for klinisk odontologi (jamfør §2 «Forskrift om om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger» 23.07.2010) etter avslutta åremålsperiode, skal kandidaten gjennom ei sluttevaluering ha oppnådd gjeldande krav til professorkompetanse som godkjent av Det nasjonale dekanmøtet i odontologi og vedteke fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.

For å få fast tilsetjing som professor ved dei andre institutta ved Det medisinsk-odontologiske fakultet (jamfør i §2 «Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger» 23.07.2010) etter avslutta åremålsperiode, skal kandidaten gjennom ei sluttevaluering ha oppnådd gjeldande krav til professorkompetanse som godkjent av Det nasjonale dekanmøtet i medisin og vedteke i fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet.

Den vanlege ordninga med å søkje personleg opprykk etter kompetanse gjeld ikkje for perioden vedkommande er åremålstilsett på innstegsvilkår. Åremålsperioden er seks til sju år.

Ved tilsetjinga vil det verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid både i forsking, koordinering og rettleiing.

Undervisningsspråket er til vanleg norsk.

Den som vert tilsett må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjing, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistrar eit skandinavisk språk.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som blir tilsett også bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan ein til dømes gjere ved å sende inn:

- prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjinga går føre seg på grunnlag av vurdering av ei vitskapeleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og eventuell prøving av undervisningskompetanse.